




Brattvåg Rotaryklubb

Medlemsbrev nr 4, 2016/2017

April, Mai, Juni

President Jonny Helland



Redaksjon: Geir Magne Ingeborgvik, Svein Osvik, Thor Grønmyr og Øyvind Haugen.

Møte 04.04.2017

AaFK v/styreleiar Jan Petter Hagen.

Bursdager: Svein Osvik

President Jonny ønskte velkommen til nytt møte. Applaus for Svein Osvik som hadde bursdag i går. Presidenten minte dessutan om at Brattvåg RK har bestemt seg for å gå inn saman med Hareid RK og andre klubbar i nablaget i eit prosjekt for å skaffe nytt kjøkken til MamaKlara-barnehagen i Peru. Prosjektet går fram til 2019, og Brattvåg RK skal bidra med 5000 kr per år. I det høvet var det bestemt at det vere utlodning på kveldens møte og vi såg at det var skaffa mange fine gevinstar.

Dagens hovudpost var ved Jan Petter Hagen, ein kar vi kjenner godt (Jepe). Kjem frå Haramsøya, fotballfortid frå dei fleste klubbane i Haram, bur med familien i Tønnfjord og er tilsett i toppleiringa i Rolls-Royce Marine. I dag var temaet: AaFK.



Det er på gang ein del endringar i den administrative leiinga i AaFK for tida. Ny styreleiar, Jan Petter Hagen, er tilsett. Henrik Hoff har

varsla sin avgang etter over 20 år som klubbdirektør (dagleg leiar) og vert erstatta av Geir Steinar Vik som har vore reiselivssjef i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre.

AaFK har i mange år vore organisert i to selskap med eigne styre, der Ålesund Fotball AS (ÅFAS) fungerer som eit driftselskap for Aalesunds Fotballklubb (AaFK). Styra for dei to selskapa er no samordna til eitt, med Jan Petter Hagen som leiar. Dermed er det håp om at det no kan bli ei leiing med klart definerte og sameinte mål. Jepe har planar om eit fast møte med klubbdirektør kvar mandag. Han var klar på at ein må ha langsigktige mål om ein skal bli ein stabil klubb i Tippeligaen. Han gav så ei oversikt over dei mange aktivitetane som føregår i ein toppklubb i norsk fotball, m.a. organiseringa av arbeidet med å få fram eigne talentar frå breiddefotball for dei yngre fram til dei som ein dag kan bli fast på første-elvaren på a-laget.

Vi trur AaFK har fått ein bra mann til å leie klubben inn i framtida, og i skrivande stund (like før sommarferien) er det ting som tyder på at dei er på rett veg.

Møte 18.04.2017

Besøk på HVS etter utviding/ombygging.

Bursdager: Bjørn Johnsen

Omlag 20 rotarianarar var møtte fram på plassen framfor Haram vidaregåande skule ein fin aprilkveld, og fekk med seg dei siste solstrålane før sola dukka ned bak Synnalandshornet og rektor Jan Magne Helland kom og henta oss inn til presentasjon i auditorium og omvising i «ny» skulebygning.

Referenten var med å flytta inn i nytt skulebygg i 1981, etter at skulen, frå oppstarten i 1974, hadde hatt tilhald i diverse provisoriske rom rundt i bygda, m.a. i banken og i bedehuset. Eit påbygg i 1995 gav rom for utvidingar og vi fekk plass til elektro og helsefag i tillegg til studieførebuande og tip.

Saksar frå rektor Jan Magne sin presentasjon:

«Bakgrunnen for vedtaket om utviding kom etter at det over fleire år var auke i elevtalet ved Haram vidaregåande skule. Dette i tillegg til nye krav som har kome til i forhold til arbeidsmiljø og nye standardar. I utgangspunktet var skulen bygd for i underkant av 200 elevar. I inneverande skuleår er her over 330. I Møre og Romsdal fylkeskommune er dette den einaste vidaregåande skulen i distriktet som har hatt auke i elevtalet over fleire år.

Mål for utbygginga: Grupperom for elevar, betre og større lærararbeidsplassar, betre praksisplass for helsearbeidarlaget, betre møblering, plass til biblioteket, omorganisering av administrasjonen slik at tilkomst og arbeidstilhøve vert betre, vimoreal, betre ventilasjon, temp. og ekko.

I første omgang vart det avsett 66 mill. til utbygginga. Det viste seg at dei tekniske løysingane for mellom anna ventilasjon ikkje let seg gjennomføre. Berre ein sentral vart bygd om til 4 mindre sentralar. Den økonomiske ramma vart difor auka med 20 mill. Utbygginga heldt seg innafor denne ramma. (Det seier litt om kostnadsutviklinga, at det første skulebygget, som stod ferdig i 1981, var kostnadsrekna til vel 18 mill., og det heldt seg også innafor ramma, ref. komm.)

Vi har no brukt «nyskulen» sidan oktober i fjor, og den fungerer svært godt. Elevar og tilsette trivst i dei nye lokalitetane. Det er i tillegg bevilga ca. 8 mill. for å rehabilitera -95 bygget i løpet av dei neste 4 åra.»

Rektor heldt fram med å presentere visjonar og utdanningsprogram, (kan studerast på HVS si heimeside: www.haram.vgs.no) og dernest fekk vi ei omvising i ei funksjonell og tidsmessig skulebygning – som kanskje kan halde i nye 35 år?



Presentasjonen er først og fremst i bilder, men her ei lita oppsummering:

Bakgrunnen for vedtaket om utviding kom etter at det over fleire år var auke i elevtalet ved

Haram vidaregåande skule. Dette i tillegg til nye krav som har kome til i forhold til arbeidsmiljø og nye standardar. I utgangspunktet var skulemøn bygd for i underkant av 200 elevar. I inneverande skuleår er her over 330. I Møre og Romsdal fylkeskommune er dette den einaste vidaregåande skule i distriktet som har hatt auke i elevtalet over fleire år.



Målet for utbygginga:

Møre og Romsdal fylkeskommune arbeider med planar om utviding og rehabilitering ved Haram vgs. (planlagt ferdig til skulestart 2016)

"Ein skule som fungerar rimelig greitt og vi vil anbefale følgjande tiltak"

- 1 Grupperom for elevar
- 2 Betre og større lærar- arbeidsplassar
- 3 Betre praksisplass for helse- arbeidarlaget
- 4 Betre møblering og om mogleg plass til biblioteket
- 5 Omorganisering av adm. slik at tilkomst og arbeidstilhøve for dei som arbeider der vert betre.
 - Eige: – Vimoreal – Ventilasjon, temperatur og ekko

I første omgang vart det avsett 66 mill. til utbygginga. Det viste seg at dei tekniske løysingane for mellom anna ventilasjon ikkje let seg gjennomføre. Berre ein sentral vart bygd om til 4 mindre sentralar. Den økonomiske ramma vart difor auka med 20 mill. Utbygginga heldt seg innafor denne ramma. I utbyggingsplanane er det planlagt 2 byggetrinn. Det første trinnet går ut på nybygg ca. 1000

m² og rehabilitering av hovudbygget. Dette er no gjennomført. I det 2. byggetrinnet var det planlagt utbetring og utviding av -95 bygget (verkstadlokale etc.), samt ny kantine.

Gjennom byggeprosessen gjekk fylkestinget (mai 2015) inn for å bygge ny kantine i trinn 1 (ca. 600 m²) og kostnadsrekna til 15 – 20 mill. Dette vart imidlertid stoppa av juridisk, ettersom det utgjorde meir enn 15 % av utgangspunktet på 66 mill. (EU-sine konkurranseregler). Det vart derimot bestemt at saka skulle takast opp igjen i desembertinget 2015. Her kom nye politikarar inn og saka er lagt død. Til samanlikning har Molde vgs. fått ny kantine. Denne kom på 110 mill. (750 elevar). Vi har no brukt «nyskulen» sidan oktober i fjor, og den fungerer svært godt. Elever og tilsette trives i dei nye lokalitetane. Det er i tillegg bevilga ca. 8 mill. for å rehabilitera -95 bygget i løpet av dei neste 4 åra.

Møte 02.05 2017

Dugnad i Kyrkja

Bursdager: Ove Finnes, Sindre Vik og Arne Vågnes



Som de sikkert hugsar hadde vi «stordugnad» på kyrkjegarden i fjor vår. I det høve fekk vi midlar frå Sparebanken Møre (25 000 kr) som vi brukte til utstyr og betaling til Harald Hagen. Det viste seg imidlertid at jobben var så omfattande at vi måtte utsette ein del til i år. Det som i hovedsak står att er skråninga mellom øvste og nedste del i nordenden av anlegget.

Vi er no så heldige å ha mottatt ei gave på 50 000 kr for å beplante dette store beddet. Harald Hagen kjøper nye planter og tek jobben i sommar. Dersom vi tek 3-4-5 «små» bedd på dugnaden vår neste tysdag, kan vi seie oss fornøyde og ferdige med prosjektet vi setter i gang i 2016. Framtidige dugnadar vil då kun handle om loking og anna småterri. Med denne innleiinga vil eg ønskje alle vel møtt til den årlege dugnaden tysdag 2. mai kl 18. Ta med arbeidslust, krafse, spade, rive og gjerne ei trillebåre. Alle vil få tilvist arbeidsområde når dei kjem. PS: Masse kanelbollar med vaniljekrem og kaffi vert belønninga når vi er ferdige ca kl 20.00 J God organisering av dugnaden samt servering av nysteikte bollar, begge deler v/Jorunn Fjørtoft, gjorde arbeidet lett denne vakre maikvelden.

Møte 09.05.2017

Besøk på Eidet Omsorgsenter

Bursdager:

Denne tirsdagen var vi på omvisning i på Eidet omsorgsenter. Det var Bjørg Bryhildsvoll som startet med en orientering om bygget før vi startet på omvisningen. På Vatne i Haram kommune ferdigstilles et stort omsorgssenter med hele 70 boenheter. 65 av boenheterne er omsorgsboliger, samt fem litt større eldreboliger. BTA arealet er på ca 7.000 kvadratmeter gulvflate over 5 etasjer.

Det er Ålesund Bygg som har totalentrepisen på lavenergibygget som er smekkfullt med avansert tekniske løsninger, både inni og utenpå. Det er stilt store krav til blant annet veggene og vinduer på bygget. Veggene i bygget er 50 centimeter bredere enn det som er vanlig.

Det mest spesielle ved det nye omsorgssenteret på Eidet på Vatne er kanskje det eksterne solcelleanlegget. Her får vi et glimt inn i fremtiden. For på taket av dette praktbygget ligg det et godt over 1.000 kvadratmeter stort solcelleanlegg, fordelt på 606 solcellepanel. Til sammen vil disse produsere enorme 150.000 kWh strøm i året. Også solkollektorer er montert på taket av bygget. Det er en lokal bedrift som har levert solcelleanlegget.

Det nye omsorgssenteret blir et av de mest energieffektive bygg i hele landet, og strømmen fra solcellepanela vil dekke alle energibehov.

Leverandøren av solcelleanlegget har fått støtte fra Innovasjon Norge på sin veg til å bli en leverandør av løsninger for fornybar energi, mens Ålesund Bygg har fått støtte fra Enova i oppføringen av lavenergibygget på Vatne.



Møte 16.05.2017

Møtefrei

Bursdager:

Møte 23.5.2017

Alnes

Bursdager: Anders Lausund

Denne kvelden gikk turen til Alnes fyr og opplevelsessenter. Her var det kunstutstilling. Kåre Haram hadde bildene sine utstilt og medlemmer og ledsagere fikk se og evt. kjøpe bilder. Det var også bilder Ønulf Opdahl utstilt

og disse kunne også kjøpes. Etter utstillingen informerte Anniken Aakvik om fyrets historie og de som ville opp i høyden fikk mulighet for en omvisning. Et annet høydepunkt denne kvelden var fiskesuppen som ble servert de ca. 30 som møtte opp. Flott arrangement med sol og fint vær.



Møte 30.05.2017

Besøk fra Midsund Rotaryklubb

Bursdager: Rolf Rørhus

Samling på Hautunet igjen etter en lengre periode med møter utenfor lokale vårt. Vi fikk besøk fra Midsund Rotaryklubb som vi er faddere for. Klubben har i dag ca. 17 medlemmer og har ukentlige møter. De sliter litt med rekruttering av nye medlemmer og vil ha medlemsrekruttering som hovedtema framover. Klubben er engasjert i friluftslivet i bygda og turstien til Digergubben engasjerer de seg i. Dette er en flott tur med høy grad av tilretteleggingen. Sherpaer fra Nepal har steinlagt stien og bygd trapper. Byggverket er verdt turen i seg selv. I tillegg får man en fantastisk utsikt til fjell, fjord og hav.



Videre på programmet stod opptek av nytt medlem. Terje Fagerli ble tatt opp som medlem i klubben og han fortalte litt om sin historie og erfaring. Terje kommer tilbake med egofordrag på et sene tidspunkt, noe vi gleder oss til.



Resten av kvelden gikk med til komité møter, Innkommende president Rolf har satt opp organisasjonen for 2017-2018 og President Jonny presenterte den for medlemmene.

Møte 06.06.2017

Dugnad Synnalandsvatnet

Bursdager: Egil Pedersen

Kveldens møte var lagt til turløypa rundt Synnalandsvatnet. Då forstår vi alle at det var snakk om dugnad på prosjektet vårt rundt vatnet.

Frammøtet kunne vore bedre, men det var god arbeidslyst hos dei som hadde møtt fram. Så då skjøner vi at vi kom i mål med dei planlagde oppgåvene for kvelden.



Traktor var på plass slik at vi fekk lagt grus på ein del utsette områder. Kontroll av alle gjennomgåande rør i vegen og renska opp og såg til at dei drenerte godt. Graving av nokre grøfter for å lede vatnet til rett plass vart utført. Skogen har vakse til og enkelte plasser er det fare for at tre kan falle ned over ledningsnettet til lysa rundt vatnet. Ein del av desse vart tatt bort, men her er fleire som må fellast. Forsøkte å skaffe ei oversikt over det neste som må gjerast av vedlikehald.

Arne T orienterte om framtidige planer med aktivitets stasjoner rundt vatnet.

Møte 13.06.2017

Fritt møte.

Bursdager: Sigrid Eidsvik

President Jonny starta møtet med orienteringer om bursdager sidan sist møte. Egil P og Sigrid E.

Styret sine målsettinger for rotaryåret vart nådd. Ein har klart å halde medlemstallet opp. Har rekruttert to nye og to i frafall. Kr 18000 vart overført til Rotary fondet. Målet om to medieomtaler i lokalpressa vart nådd. Har hatt 5-6 dugnader og prosjekter i året som gjekk.

Alf Magne Bjørlykke tatt opp som medlem i Brattvåg Rotaryklubb.



Arne T informerte om status på turløypa rundt Synnalandsvatnet.

Planer vidare vart presentert.

Nemda har lagt planer for å lage til trimstasjoner rundt vatnet. Det er planer om 2-3 stasjoner med trimapparater. Det vert antyda ein pris på omlag kr 150.000 for dette prosjektet. Dette er tenkt finansiert gjennom søknader i ulike støtteorganisasjoner i tillegg til lokale bedrifter.

Jonny H orienterte deretter om arbeidet som har vore utført på Helland. Stranda har vorte rydda og ein har laga leikeplass og ballplass og liknande i området. Vert antyda ein totalkostnad på nær 2 mill uten at ein har måtte lånefinansiere noko.

Praten gjekk deretter livleg rundt borda og møte vart avslutta med at Jonny orienterte om neste møte ved Vadsetosen og notkasting neste tirsdag.

Møte 27.06.2017

Presidentskifte.

Bursdager: Helge Austbø og Lidvar Sunde

President Jonny ønska alle vel møtt til møte. Jonny tok oss med på ei runde og minnast alle møta vi har hatt i året som gjekk.

Orienterte om internasjonal teneste saman med Hareid Rotayklubb. Barnehjem i Sør Amerika leda av Erna Rogne. Eit kjøkken er prosjektert og kostnadsrekna til kr 160.000.

Orienterte deretter om møter i året som gjekk. Har hatt mange varierte møter i året som gjekk. Det har vore fire møter, dugnader, bedriftebesøk og foredrag på lokalet. Mange interessante møter. Målsettingene til styret vart nådde med unntak av eit ambisiøst mål om medlemsvekst. Vi har likevel 53 medlemer.



Den høgtidlege delen av møtet var presidentskiftet. Rolf Doran vert den nye presidenten til Brattvåg Rotaryklubb. Det nye mottoet til Rotary for året 2017/18 vert -

Rotary making a difference.

Han orienterte om aktiviteten dei nærmaste vekene. Det vert møtefri fram til 01.08 2017. Då starter vi med fritt møte og komitearbeid. Møta for august er alt i boks.

Praten gjekk deretter livleg rundt borda og det vart servert suppe frå Brattvåg Fjordhotell og kake frå Kulturkafeen.